

## Framlegg til løsing på omsetting 2

Det kan godt finnast fleire akseptable alternativ. Spør gjerne lærarane om det er noko du lurer på!

### Omwendeadverb

Nokre (Nokon, Somme) adverb står til verbalet i setninga og gir (gjev) nærmare (nærare) opplysingar (opplysningar) om omstenda omkring (kring, ikring, rundt) handlinga eller tilstanden som verbalet uttrykkjer (uttrykker): *Kenyanaren løpte sprang fort – No (Nå) kjem gjestane (gjestene) – Svingermor sit der*. Dei fungerer då (da) som omwendeadverbial (sjå avsnitt 17.5.2), og derfor (difor) kallar vi (me) dei omwendeadverb. Men dei kan ofta også (også, også) vere (vera) del av ulike slags (slag) frasar. Mange av dei orda vi (me) reknar som omwendeadverb, blir (vert) i Norsk referansegrammatikk kalla preposisjonar. Men i samsvar med «Grammatiske termer til bruk i skoleverket» reknar vi (me) ikkje eit ord som ein preposisjon med mindre det normalt tek (tar) utfylling; sjå avsnitt 12.2.

Omwendeadverba fell i all hovudsak i tre betydningsgrupper (tydingsgrupper, betydningsgrupper) som vi (me) gir (gjev) nokre (nokon) eksempel (døme) på:

- stad (rom): *her, ut, fram, vestover, tilbake*
- tid: *no (nå), straks, lenge, ofte, igjen*
- måte (andre aspekt (aspektar) ved handlinga/tilstanden): *fort, ille, korleis, hovudstups, andføttes*

Det er langt på veg same betydningstypar (tydingstypar, betydningstypar) som vi (me) har ved preposisjonane, som vi (me) likevel har delt inn finare (sjå avsnitt 12.2).

Nokre (nokon, somme) omwendeadverb er spørjande og er dermed (dimed) pragmatisk i slekt med spørjande pronomen og determinativ, f.eks. (t.d.) *kor (kvar)*, *når, korleis, korfor (kvifor)*.

**Commented [TK1]:** Sidan *omstende* (inkjekjønn) er eit etablert ord, brukar ein helst ikkje *omstendigheit*.

**Commented [TK2]:** Helst ikkje *omstendigheitene*.

**Commented [TK3]:** I ordboka finn ein verbet *laupe*, med preteritum *laupte*, men det er nesten aldri brukt. Det har vore vanlegare å nytte *springe*.

**Commented [TK4]:** Teksttittelen er eit eigennamn.

**Commented [TK5]:** Her kan ein ikkje bruke *somme*. *Somme* betyr 'nokre, men ikkje alle', og det passar ikkje her.

**Commented [TK6]:** Somme vil bruke *attende*.

**Commented [TK7]:** Somme vil bruke *att*.

**Commented [TK8]:** Aspekt kan vere inkjekjønn (fleirtal: *aspekt*) eller hankjønn (*aspektar*), men det er inkjekjønn som er det vanlege.

**Commented [TK9]:** Eller (dei) *same ...-typane*.

**Commented [TK10]:** *Imidlertid* brukar vi helst ikkje på nynorsk. Alt etter samanhengen kan det ofte passe med *men* eller *likevel*.

**Commented [TK11]:** Eventuelt *såleis, slik, med det*.

**Commented [TK12]:** Til bokmål *hvor* for stad (Hvor er du?) svarar nynorsk *kor* eller *kvar* (Kor/Kvar er du?). Men bokmål *hvor* for grad (Hvor tung er du?) svarar berre til nynorsk *kor* (Kor tung er du?).